# velkommen til fiske i kultiveringssona



Den kultiverte delen av Ekso strekkjer seg frå Flatekvalfossen i vest til fossen Vetleglupen i aust. Øvre del av elvestrekninga har vekslande stryk, men også rolege parti. Nedre del har lange strekk der elva renn langsomt og er derfor best eigna for båtfiske.

Tynning av småfiskbestanden (om lag 12000 kvart år) og årleg utsetting av fisk i storleiken 400 – 600g, gjer dette området attraktivt for sportsfiske.

Det nye kultiveringsanlegget til Ekso Villfisk vil frå 2007 ha kapasitet til årleg utsetting av 600 – 800 fisk i storleiken 500 – 800g.

**ELVESTREKNINGA ER DELT OPP I 4 SONER:**

| | Område | Her finn du |
|---|---|---|
| **Sone 1** | Flatekval - Ospetjødn | Flytebrygge<br>Båt |
| **Sone 2** | Svartavatn | Flytebrygge<br>Båt<br>Rasteplass |
| **Sone 3** | Teigavatn | Flytebrygge<br>Båt |
| **Sone 4** | Teigavatn-Vetleglupen | Rasteplass |

Den beste tida for fiske er frå rundt 15. juni til 10. september. I periodar med vasstemperaturar under 10 grader (mai –september) er fiske med små nymfer mest føremålstenleg.

Tørrflugefiske på vakande fisk er den mest brukte metoden i juli og august. Dette er eit spanande fiske som oftast gir mest fisk både i mengd og storleik.

Når du kjøper fiskekort i kultiveringssona får du tilgang til gratis båt om nokon av desse er ledige. Du støttar då også økonomisk arbeidet som vert gjort i elva.

Ekso Villfisk har som målsetting å gjera den kultiverte delen av Ekso til den beste brunaureelva på Vestlandet, særleg for fiske med fluge.

## FISKEREGLAR

a) Fiskekortet er personleg og skal alltid vera med under fisket. Det er berre tillate med ei stang pr. fiskekort.

b) Ved praktisering ved fang og slepp er det berre lov å nytta mothakelause krokar (mothakane må vera nedklemde)

c) Det er berre lov å fiska med stang. Garnfiske, linefiske, oterfiske, ståsnøre og fiske med levande agn er forbode.





**FISKEKORT/BÅTNØKKEL**

| | |
|---|---|
| **Nærbutikken på Lavik** | tlf 56 59 58 20 |

**OVERNATTING**

| | |
|---|---|
| Haugen gard | tlf 56 59 58 33 |
| Hytte | tlf 56 59 58 36 / 91 59 75 01<br>tlf 56 59 58 20 |

**KONTAKT**

| | |
|---|---|
| **Rune Nesheim**<br>Dagleg leiar | tlf 91 62 11 07<br>rune@eksovillfisk.no |
| **Bjarne Lavik**<br>Markedssjef | tlf 56 59 58 36 / 91 59 75 01<br>bjarne@eksovillfisk.no |

post@eksovillfisk.no www.eksovillfisk.no

Grafisk design: Therese Waage Trefall Språk: Anne Elisabeth Waage Foto: Sveinung Klyve

opplev sportsfiske
etter fin brunaure
i ekso. elva som har
forma eksingedalen..



www.eksovillfisk.no

ekso villfisk

